



Rauland statsallmenning informasjon reinsjakt 2017

Gjeld innanbygds jegerar

Jakttid f.o.m.20. august t.o.m.30. September

Prisar:	Fritt dyr	kr. 2200,-
	Simle/ungdyr	kr. 1500,-
	Kalv	kr. 500,-

Fellingsløyva vert delt ut blant godkjende søkjarar. Korta blir utlevert etter trekningslista. Det vert berre tildelt kort etter søknadar på Inatur.no
Fyrstegongsjegerar som har fått kort på ordinær trekking må betale full pris for dette. Kalvekortet gjeng då inn i den ordinære lista.

Utdeling av jaktkort vert på Raulandshuset 10. august kl. 18 – 20.

Kontrollkorta skal vera Rauland Fjellstyre v/sekretær i hende seinast 5 dagar etter jaktslutt. Korta sendast til: Rauland Fjellstyre, Vinjevegen 665, 3890 Vinje

”VIKTIG”. Fyll ut jaktkorta uansett felling eller ikkje.

Jegerar med allmenningskort kan danne jaktlag på inntil 5 personar. Alle med allmenningsrett på Rauland statsallmenning som har kort på andre vald i Vinje kan nytte desse korta på allmenningen frå fyrste dag mot å betale kr 400,-pr jeger. Kortet må vera underskrive av eit av medlemmene i Fjellstyret.

Det er laga samjaktavtale med Berunuten Vest frå **5.september** og ut jakta. Alle kort vil verte stempla og underskrive ved utdeling. Denne avtale er vederlagsfri. Det vil i år vere 10 utanbygds jegerar som kan jakte på Rauland SA. I tillegg vil det vere 3 jegerar frå Ulvik SA som kan jakte her. Ta vel imot desse jegerane!!

Medlemmer fjellstyret:

Marit Jortveit	tlf. 47661568
Halvor Fehn	tlf 48017865
Marit Kåsa	tlf 95089447
Jarle Nordjordet	tlf 95205094
Tor Aage Dale	tlf 91392068

Jegertelefon i jakta: 46 84 78 24

Småviltjakt:

Ordningar for rjupejakt er ikkje avklara, vert kunngjort på nettsidene.

Fiske:

Fastbuande i Rauland som har løyst fiskekort kan fiske med 5 garn med fri maskevidde . Fiskekort fås på Rauland turist, Esso eller på inatur. Kontakt fjellstyret for å få ut nøklar til båthuset.

Hytteleige:

Alle må betale hytteleige også i reinsjakta. Pris kr 50,- pr. natt og kr 10,- for rasting innanbygds, kr. 150,- pr. natt og kr 20,- for rasting utanbygds. Raulendingar har førerrett til senger.

Orientering om sakshandsaming ved tildeling/avslag på søknad om reinsdyrkort:

Alle søknadar om rett til fellingsløyve på rein vert handsama etter Fjellova § 23 og 24. Dei som har rett til å vera med på trekking av villreinjakt må alle ha vore busett det siste året og framleis bu og ha den faste bustaden i gamle Rauland kommune. Det er ikkje nok å stå i folkeregistret eller skatte til Vinje kommune. Pendlarar og studentar er å rekne som fast busette. Dersom det er tvil om desse vilkåra er oppfylde vert søkjar bedt om å dokumentere dette for Fjellstyret. Alle søknader om jakt må gå via Inatur.no. Andre søknader vert ikkje handsama.

Dei som eventuelt får avslag på søknaden etter § 23 og 24 får særskilt melding om vedtak pr post.

Generelt om klageadgang:

Klageadgang og klagefrist (jfr. Forvaltningslova § 28, 29, 30 og 31.):

Søkjar kan påklage vedtaket. Frist for å klage er 3 veker frå motteke vedtak.

Dersom søkjar ynskjer å påklage vedtaket skal klaga sendast til Fjellstyret (jfr § 32) Dersom Fjellstyret fortsat vel å oppretthalde vedtaket oversendast saka til Direktoratet for naturforvaltning for avgjerd.

Søkjar har rett til innsyn i saksdokumenta.

Skitt jakt!!

